



Klamraslekto samla laurdag kveld på Klammeren. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Då rundt rekna 60 medlemmer av Klamraslekto var samla på opphavsgarden Klammeren laurdag kveld var det truleg sekstende gongen dette familietreffet vart avvikla.

Ved Olsoltider møtast dei kvart einaste år. Det er slett ikkje vanleg sjølv om slektstreff er populært for tida. Og det må bera bod om ualminneleg godt samhald og sterkt tilhørigheit til slektsrøtene.



Gunnar overrekte ein ølbolle til Olav Haugland. Den hadde han laga sjølv om han er blind! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det som ga støtet til denne utruleg og imponerande faste tradisjonen var slektsstemnet i forsamlingshuset Vonheim i 1985. Så gjekk det nokre år utan noko treff, men protokollen fortel at tradisjonen vart innleia i 1993 med 64 fram møtte. Sidan har dei såvidt vi kan sjå ikkje skulka eit einaste år og framøtet har variert frå i underkant av 50 til i underkant av 100. Stemnet, som går føre seg i partytelt, er naturleg nok veravhengig. Den faste stammen av deltakarar er naturleg nok å finna i Uskedalen, men det kjem gjerne folk også frå Austlandsområdet og andre stader. Eit nytt høgdepunkt vart nådd i 2005 då slekta hadde 20-årsstemne i Aktivitetshuset med 200 av dei 230 etterkommarane etter Maren (død 1954) og Kristoffer (død 1958) Haugland på plass. Det er dei som blir hugsa og minna denne dagen.

Bortsett frå grilling er det ikkje noko fasttømra program under treffa. Det står ikkje noko meir forpliktande på første side i protokollen enn at dei skal møtast til leik og moro og slektprat.

Men denne gongen var det eit triveleg innslag at Gunnar Haugland frå Bømlø overrekte ein ølbolle til Olav Haugland. Den hadde han laga sjølv om han er blind!

Av Ola Matti Mathisen